



## Team Hardanger Referat frå møte i Team Hardanger

Mandag 28.10.19 15.00-18.00

Stad: Thon Hotel Lofoten

### Tilstades:

Andreas Skogseth	Visit Hardangerfjord
Sjur Vågen	Visit Hardangerfjord
Kristine Hesthamar	Ullensvang Næringsforum/Visit Ullensvang
Amy Henricson	Visit Odda
Åsmund Bakke	Visit Jondal
Vibeke Korsnes	Ulvik Næringslag
Marit Stadheim	Destinasjon Eidfjord
Elin Kvale	Destinasjon Eidfjord
Heidi Kvamsdal	Destinasjon Eidfjord
Lisbeth B. Celik	Eidfjord kommune
Jan Tjosås	Kvam herad
Inge Håvard Aarskog	Ullensvang kommune
Sigrid Halldorsson	Ullensvang kommune
Jon Larsgard	Jondal kommune
Reidun Haugen Dalseth	Jondal kommune
Ingrid Prestegard	Ulvik herad
Thor-Arvid Pedersen	Næringsshagen i Hardanger
Kjersti Bjørke	Næringsshagen i Hardanger
Yamen Bohsas	Næringsshagen i Hardanger
Sigmund Vereide	Næringsshagen i Hardanger
Jostein Eitrheim	Hardangerrådet
Trude L. Rinaldo	Hardangerrådet
Gjester:	Besøksforvaltning v/ Hanne Lykkja
	Destinasjon Lofoten v/ Svein Gunnar Helland

### Agenda:

- 15.00 - 16.00 Besøksforvaltning referat i vedlegg
- 16.00 - 17.00 Destinasjon Lofoten referat i vedlegg
- 17.00 - 18.00 Team Hardanger med reiselivsnæringa i Hardanger

### Besøksforvaltning: Vedlegg

Kva skal turisten gjera for oss? Reisleivet er i eit paradigmeskifte.

Det handlar blandt anna om lokalbefolkning, samspel, ansvar, tåleevna, rammer og planlegging

### Destinasjon Lofoten: Vedlegg

"I framtida vil destinasjonskontoret meir og meir verta eit organ som ligg i mellom kommunane og næringa. Lofotrådet er ein viktig medspelar, og destinasjonskontoret har mykje med dei å gjera. Dette er eit samarbeid som vil auka i framtida."

## **Sakliste**

### **1. Innmelde saker ved møtestart.**

Ingen

### **2. Diskusjon om turisme i Hardanger**

#### **Spørsmålsrunde og diskusjon rundt bordet etter dei to innlegga.**

Problemstillingane er kanskje fleire enn løysingane endå.

➤ Kva roller skal me ha i reislevet i Hardanger? Kven skal forvalta denne næringa Hardanger. Er dette eit spreidd ansvar, der ingen tar ansvar. Trur det er vesentlig at både næringsliv, folkevalde og adm ser utfordringen likt. Uten at ein har felles utgangspunkt vil det stoppa opp. Det dei gjer i Lofoten tegnar godt, det at dei samarbeider på tvers.

Besøksforvaltning er kome for å bli, så me kan like godt hoppa i det.

➤ Politikerane må trekkjast inn i desse situasjonane, for det er upopulært å sei nei til store attraktive aktørar. Men kan på lang sikt verta dårlegare med kortsiktig .

➤ Ny valgperiode. Me treng vaksenopplæring, og me må ha vaksenopplæring. Me bør reisa rundt med ein nøyte planlagt tur. Me må gje våre folkevalgte den informasjonen dei treng. Hardangerrådet skal besøka dei nye kommunestyrene snart, kanskje me skal ta med reiseliv i den runde.

Kobling mellom reiselivsnæringa og det politiske i Hardanger kan kanskje vera ei god løysing for Hardanger også, slik det er i Lofoten. Kva form me skal gjera dette i ??

➤ Politikerane kan ikkje kjembast under ein kam - nokon har signalisert dette lenge.

➤ KS skal ha folkevalgdopplæring - kan dette vera noko for Hardanger. Nasjonalparklandsbyene er del av. I eit kommunestyre kan det vera vanskeleg å nå fram, når folk ikkje er innstilt på det. Dette bør inn i folkevalgdopplæringen

➤ Med å jobba med reiseliv heile dagen, ser me heilt andre ting enn politikarane. Trur at næringa kan formidla dette mykje bedre enn politikarane, som har så mykje frå før. Har diskuterar dette i kommunestyre, men det skjer ikkje noko. Det er næringa som ser det. Næringa vil gjerne snakka til politikarane, og gjerne ilag med Visit Hardangerfjord

➤ Dei skal ha folkevalgdopplæring i plan, reiseliv skal vera del av den dagen. Vil ta med seg informasjon om besøksforvaltning denne dagen.

➤ Det er mykje enklare å koma med ei sak, då når ein lenger fram. Ei orientering blir ofte berre ei orientering.

➤ Det er ikkje næringa som skal vera politisk, men innspel må koma frå reislevet.

➤ Næringa må ha tankar om kven som legg igjen pengar, destinasjon 6,3 mill, Norseman 7,0 mill. Reiselivet melder inn saker som kan gå til politisk behandling.

➤ Det er mange samarbeid som no er i endring. Dette er ei sak ein kan løfta fram, dette er noko me kan samarbeida om. Når det er 3 partar som må involveres, så må alle 3 vera med. Dette går vel på ein strategisk plan for reiseliv for Hardanger.

➤ Det pågår arbeider med ein reiselivsplan for heile Hardanger. Korleis bør ein best spela dette inn til kommunen. Er det betre at alle har sin eigen plan på besøksforvaltning? Er det betre at kvar kommune arbeider kva for seg. Vert dette for stort for heile regionen?

➤ Då bør det vera ein rød trå i alle kommunar. F.eks så er det vanskeleg å utvikla Kvamskogen uten at Samnanger og Kvam kan arbeida saman. Det må vera nokon føringar som gjer at ein kan einast.

➤ Hardangerrådet kan vera ein god stad å starta. Det å laga eit felles utgangspunkt som folkevalde kan ta stilling til.

➤ Noko eg kjenner går igjen: Kven skal driva på med kva? Burde må rydda i dette, og bli enige om oppgåvene, og finna ut kven som er best til å utføra denne oppgåva. No er det også stor endring. Er det ei god tid å ta tak i dette?

➤ Det er mange prosjekt i Hardanger. Kva skal me satsa på vidare? Det er også veldig mange organ. Spesifikt f.eks prosjektet i Odda.

➤ Ulvik har plan om reiselivsplan, og det vil vera bra om me kjem fort igang slik at dei ikkje kjem svakt ut.

➤ Eidfjord Resort vil også påvirka heile reiselivet i Hardanger, det må me også ha med.

➤ Ansvarleg marknadsføring har Visit Hardangerfjord teke veldig tak i, og arbeider mot spesifikke målgrupper. Det er også mykje fokus på heilårsturisme, og ting ein vil få med i sin reiselivsstrategi, som dei skal ha ut.

➤ Kan me konkretisere dette? Skal me ha eit fellesmøte mellom Hardangerrådet og Visit Hardangerfjord?

➤ Kvar kommune skal ha ein plan. Kvar kommunestyre tar hensyn til det. Reiselivet i Eidfjord saknar plan og strategi for korleis det skal vera der. Reiselivet vil inn i denne planen.

➤ Det vil nødvendigvis ikkje bli ein kjempejobb, dersom alle vil det samme. Kvifor skal me finna opp kruttet kvar gong.

➤ Me må kanskje få inn at reiselivet er ei regional utfordring. Dette er eit samspel som berører alle kommunar i ein region. Kanskje større også. Me må formidla ein regional plan. Handlingsplanane må gå i takt. Turismen kjenner ikkje kommunegrenser

➤ Kan me kontakt KS og få ei profesjonell tilnærming?

➤ Visit Sognefjord fekk i oppdrag å laga ein masterplan for Sogn. Det er tydeleggjering på prosess. Det kan vera ein god ide å laga ein plan for planen. Dette arbeidet er ein prosess, då kan det vera lurt å ha ein plan.

Når me snakkar om roller og oppgåver. Våre folkevalgt har ei oppgåve å bringa dette inn til politikarane på Stortinget, det må me ta vare på.

➤ Kommunen ber om masterplanar. Det er eit verktøy der f.eks alle kommunane bestemmer seg for kva dei vil satsa på, og så kan dei arbeida .

➤ Visit Hardangerfjord ser på korleis dei kan arbeida vidare. Dei er ikkje rigga for å ta eit besøksforvaltning prosjekt. Korleis skal me få det gjennomført uten at det vert eit langtekkeleg arbeid.

➤ Nasjonalparkforvaltning har krav om besøksforvaltningsprosjekt. Den nye Ullensvang kommune må då ha det med i sin søknad.

➤ Skal du kalle deg Nasjonalparklandsby etter 2020 så må du ha ein slik plan. Det er eit konfliktområde i Hardanger kva dei ulike vil driva med. Kan ein dela fjorden inn i soner?

Kjernen er å diskutere og bli enige, det er kanskje ikkje så enkelt. Me må diskutera konfliktene for å koma vidare. Me bør ta denne diskusjonen no.

➤ Det er her berekraft modellen kjem. Me tar kortsiktig gevinst, istaden for laga ein langsiktig strategi. Me må også fora politikarane med kunnskap. Me bør satsa på å verta: "Den grønne region" og sjå på prosjektet Heile Hardanger.

➤ Er det ikkje hensiktsmessig at kvar kommune arbeider fram sin eigen plan?

➤ Eg trur ikkje me skal vera redd for dette. Dette er ein prosess, la den starta og la det skje, så kan me sjå kor me kjem.

➤ Trur me må innsjå at reiseliv er ei regional sak. F.eks så er Cruise ikkje berre i Eidfjord, for skipet siglar gjennom heile Hardangerfjorden.

➤ Hardanger er samla: Turisten kjem jo til Hardanger, det er viktig å tenka det.

➤ Det har vore mykje snakk om, men litt av dilemmaet er at det finnst så mange planar og at det går i surr. Men me ha noko som gjer at me held fokus og form og innhald i ein plan, det er vanskeleg fordi alle kommunane er ulike.

Dersom me lagar ein **overordna plan**, så kan jo tiltaka vera lokale.

➤ Viktig at berekraft ikkje handlar om for eller imot cruise.

➤ Det er grunnleggande at me har desse diskusjonene, og at prinsippa vert tekne med i dei ulike planane til dei ulike kommunane. Me må få denne diskusjonen

- Alle skriv no planstrategi, kunne me bruka den aktivitet å få inn ein oversikt der?
- Me kjem ikkje forbi at **reiseliv i framtida må vera berekraftig**.
- Det operasjonelle er viktig.
- Trolltunga AS har laga ein overordna strategi, men det er ikkje teke i bruk.

Dei har akkurat starta arbeidet om lokal plan for Trolltunga

➤ Me kan sjå til andre og masse kan gjenbrukast. Me treng ein klar strategi og klare planar, slik at me har ei ledestjerne. Me har alle ansvar for at strategisk plan ikkje vert gløymt.

### **3. Runde rundt bordet. Nytt frå kvar kommune**

Utsett til neste møte

### **4. Innmeldte**

## “Hvilke løsninger ser vi etter? “

### Pilotprosjekt på besøksforvaltning v/Hanne Lykkja

[Her er innlegget](#)

Mål for prosjektet:

- Utvikla ein metodikk
- Skal sikra at opplevinga vert god for gjester og fastbuande
- Lokal verdiskaping størst

#### Kva er berekraftig besøksforvaltning?

- Det er å ta vare på lokalsamfunn og stadkjensla
- Det er å ta vare på lokalt næringsliv og marknad
- Det er å ta vare på landskap og miljø

Veldig mange er involvert i besøksforvaltning.

Då er det også interessant å diskutera kva som er samfunnsansvar og kva som er næringa sitt ansvar, når me brukar fellesgoder som er til både for næring og for lokal brukar.

#### “Allmenningens tragedie”

Eksempel: Fisken i havet er er allmenning, men kva skjedde når me tok ut for mykje og nesten ødela fellesgode. Då måtte ein inn å forvalta næringa. Kva gjer fiskerinæringa no? Kan reiselivet samanlikna seg med fiskerinæringa?

Kva gjer fiskeriforvaltninga: “Dei skal fremme lønnsom og verdiskapande næringsaktivitet gjennom bærekraft og brukarretter”

Overturisme er sett på kartet i rapport frå 2018 [rapport finn du her](#)

#### “Er overturisme vår fiskerikrise”?

Fleire ser krisa som byggjer seg opp. Me må ta hensyn til klima og miljø.

### Hva vil vi at turismen skal gjøre for oss?

#### ME MÅ ENDRA TANKESETTET OM ME SKAL FINNA LØYSINGAR

1. Kvifor skal me ha turisme? kva treng me dei for? (mål for turismen)
2. Kva har me som gjer at turistane vil koma til oss?
3. Kvar og når vil me ha del? Korleis diskuterar me dette med andre næringar?
4. Kven vil me invitera heim? Kven vil vi ha som turist? Kven trives vi med?
5. Korleis får me tak i dei ?

#### Grunnsteinen!

- Kva er den lokale tåleevna? Noken har underturisme og vil ha meir, andre har for mange.
- Me må snakka med **lokalsamfunna**. Korleis jobbar me med lokal forankring?
- Kva er ansvaret til det offentlege?
- Kva infrastruktur treng reiselivet?

- Korleis bør samspelet vera mellom det offentlege, reiselivsnæringa og andre næringar?
- Korleis kan reiselivet vera ei drivkraft for å skapa gode lokalsamfunn ?

## Involvering av lokalsamfunn og frivillig sektor

### Besøksforvaltning bør inn i planarbeid til kommunane

Nordland samarbeider med Vega som er pilot og komme lenger. Det Vega gjer no er å laga ein ny reiselivsplan. I den prosessen har dei masse møter med lokalbefolkning. Dei vil ha besøksforvaltning inn i andre kommuneplaner. Workshop med mange planutvalg, kulturavdeling, miljøavdeling, etc. Fylkeskommunalt samarbeid med plan.

No er det ein FOU søknad om plan og bygningsloven: "Korleis kan besøksforvaltning inn i kommunale lover", f.eks avfallshandtering, stiar og ferdsel, besøknade som ressurs, Travel like the locals mm

**Fellesgodefinansiering?** Innleiar skulle ønska ho hadde svaret på det. Det vert arbeid om å få til eit forskningsprosjekt på dette.

### Ansvarleg marknadsføring - kva inneber det?

Korleis kan marknadsføring vera eit verktøy til utvikling og ressurs ? Verktøy for å nå ønska utvikling? Vega er case. Kva betyr berekraft i forhold til ulike målgrupper

Døme på kommunikasjon før gjestene kjem:

For å få gjester til å lesa Lofotreglane(berekrafts måla), utfordra dei influensarar til å formidla dei. Dette vil dei ta vidare. Har ønske om å involvera lokalbefolkning og ungdom.

Det vert organisert besøksforvaltningskurs for folkevalgte politikarar i samarbeid med KS.

**Besøksforvaltning er mykje meir enn det ein tenker på med forvaltning:**

**Bland anna tek den vare på konkurransekrafta og kvaliteten i opplevinga.**

Me må også spørja oss sjølve: **Kvifor skal me ha turisme?**

Oppfordring: Bygg ut reiselivet som de bygde ut olja.

Sitat: *"What Norway did with the oil industry is known world wide as the best model for taking an industry, regulating it and making sure the benefit helps the country. Which is what I'm going to suggest you can do with tourism as well"* Elizabeth Becker

## Destinasjon Lofoten(DL)

Destinasjonsarbeid er kommunalt anliggende, og Svolvær er hovedturistdestinasjon i Lofoten

Dei andre destinasjonskontora er private. Kontoret i Lofoten har ca 90 000 besøkande Svolvær er ein storebror, og lagar f. eks vekeplan for Lofoten. Slit litt, når ein ikkje har faste personer å arbeida mot, er det vanskeleg å få det til å hanga ihop

Dei tok inn booking for nokre år sida, og ikkje heilt sikre på at det var lurt. Det er vanskeleg å konkurrera med dei store, og ein glir over i ein kommersiell plass.

**Som reiselivsselskap er dei på vei inn i ny kurs.** Før har marknadsføring vore hovedfokus, samt deltaking på messer .

I framtida vil destinasjonskontoret meir og meir verta eit organ som ligg i mellom kommunane og næringa. Lofotrådet er ein viktig medspelar, og destinasjonskontoret har mykje med dei å gjera. Dette er eit samarbeid som vil auka i framtida.

Grunnpakkefinansiering i dag er 30 prosent finansiert av kommunane, resten er salg og inntekt via medlemsbedriftene.

Marknadsføringa treng ikkje destinasjonsselskapet å gjera i framtida, og dei er no i ein omriggprosess, skal løfta frå det dei har vore historisk i og til det som skal vera framtida.

Det er vanskeleg å får destinasjonsselskapa til å fungera i framtida. DL har eit prosjekt som Ronny Brunvoll i Mimir kjører, og dei har store forventningar til resultatet.

**Utfordringane i reiselivet står i kø,** og Besøksforvaltning tar for seg mange.

Men ein ser ein fare i at enkelte aktører. F.eks kjem det båtar med all inclusive, også hurtigruta. dvs dei har både aktivitet, guidar, kajakk, sykklar etc. med seg. Dei eig også gjerne ein aktørar på land.

Dette er stor utfordring for reiselivet i Svolvær, og spesielt hotellene.

Dvs at operatørar som før var heile året i Svolvær og bygde opp destinasjon, vil ikkje ha nok kundar til å overleva fordi dei andre kjem inn.

Det er framtidsretta det hurtigruten gjer, men det vil gå utover lokale aktørar. Lokale aktørar får konkurranse frå dei som berre er her i 3 mnd.

Kva med den lokale tilrettelegginga kommune betalar for. Desse aktørane som Hurtigruten betalar heller ikkje skatt lokalt. Dette er ei **skummel utvikling.**

Er det lov å forby firma å koma og gjera business ???

Kommunen kan gjera noko, f.eks at havnesjefen ikkje legg sååå tilrette for dei.

Viktig at desse ikkje får lov å bli medlem i Destinasjon Lofoten. Dei har eit ansvar å bygga opp lokale bedrifter.

Kommunen har ikkje dei nødvendige verktøy for å stoppa dette, kva må til?

Lokalt må kommunen få dette inn i rådmannen sitt fokus, og til politikarane. Råd frå næringa er å vera restriktiv. For du vil så fort møta ein variant du ikkje kan stoppa



Nokon ord om airbnb: Lofoten er den største Airbnb destinasjoen, omsetningen der er lik 10 Thon hotell i Lofoten. Tala for dette segmentet er lettere å få tak i, og ein ser at veksten no er på heile hus.

Kommentar frå Hanne Lykkja.

Me ser starten på ein ny forvaltning som skal byggast opp - direktorat for reiseliv. No er det store **paradigmeskifte**. Ansvarleg reiseliv er på trappene. Me er ganske langt framme, men det skjer jo så fort i reiselivet.

Eit anna eksempel:

Teltkampar frå Russland, og som slår seg til i kraft av allemannsretten. Dei har alt med seg, legg ikkje igjen anna enn søppel og..., dei berre utnyttar allemanns grunn bevisst.

**Det må gjerast noko med allemannsretten. Den var ikkje tufta på all den turismen som no kjem**

Turistfiske er blitt eit skjellsord i Lofoten Det er ikkje berre berre å vera ein populær destinasjon.

Biotour er eit forskningsprosjekt leia av NMBU. [Om BIOTOUR](#)

Biotour er tildelt internasjonal konferanse for besøksforvaltning. Den skal vera på Lillehammer i august/september 2020.